

Sakshandsamar:

Lars Erik Lunde
E-post: lars.erik.lunde@sfj.no
Tlf.: 57638102

Vår ref.

Sak nr.: 15/8734-24
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

44659/17

Dykkar ref.

Statens vegvesen Region Vest
Askedalen 4

6863 LEIKANGER

Dato

LEIKANGER, 20.12.2017

Søknad om ferjeavløysingsmidlar for prosjektet fv. 606 Ytre Steinsund bru

Sogn og Fjordane fylkeskommune syner til retningslinjer for ferjeavløysingsordninga for fylkesvegferjer fastsett 22.2.2016, sist revidert 10.11.2017, brev frå Samferdsledepartementet 26.09.2017 om førehandsavklaring og brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet 7.11.2017 om overslag på ferjeavløysingsmidlar for Ytre Steinsund.

Fylkeskommunen søkjer med bakgrunn i prinsippvedtak i fylkestingssak 55/2017 (vedlegg 1) om ferjeavløysingsmidlar for prosjektet fv. 606 Ytre Steinsund bru i Solund kommune.

Vi legg til grunn at søknaden vert behandla ut frå dagens kostnadsnøkkel i inntektssystemet for 2017, jf. brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet datert 13.06.2017.

Opplysningar om prosjektetReguleringsplan

Prosjektet skal byggjast i samsvar med reguleringsplan for prosjektet fv. 606 Ytre Steinsund bru. Godkjent reguleringsplan frå Solund kommune følgjer som vedlegg 2.

Kostnadsoverslag

Statens vegvesen har kostnadsrekna prosjektet til 690 mill. 2017-kr med uvisse på +/-10 pst. Godkjent kostnadsoverslag frå Staten vegvesen følgjer som vedlegg 3.

Finansieringsplan

Det er lagt til grunn ein prosjektkostnad på 700 mill. 2018-kr. I tillegg vert det sett av 70 mill. kr for å kunne handtere ev. kostnadsoverskridingar i prosjektet. Investeringskostnaden er finansiert med lån og refusjon av meirverdiavgift.

Sogn og Fjordane fylkeskommune legg til grunn følgjande finansieringsplan for prosjektet.

	Mill. 2018-kr
Prosjektkostnad	700
Avviksfond (10. pst)	70
Sum	770
<hr/>	
Mva. refusjon	146
Fylkeskommunalt lån	624
Sum	770

Ferjeavløysingsmidlane vert nytta som bidrag til å dekkje avdrag på fylkeskommunalt lån.

Opplysningar om endring i vegnettet

Vi har fått følgjande oppdaterte tal frå Statens vegvesen:

Vegtype/vegelement	Lengde i meter	Vegstandard*	Brutype / tal på tunneløp**
Veg i dagen	4 365 m	Ein-felts Sa3 med møteplassar	
Veg på sjøfylling	Om lag 120 m ***		
Bru	835	To-felts Sa3	Fritt-frambygg
Tunnel (landtunnel)			
Undersjøisk tunnel			
Sum ny veg	5 200	<i>Ikkje aktuelt</i>	<i>Ikkje aktuelt</i>

* *T.d. to felts veg, to- og trefeltsveg med/utan midtrekkverk eller firefelts veg. Viss ein vegtype har ulik standard på ulike delar av strekninga, kan dette spesifiserast ved å setje inn fleire rader for same type vegelement.*

** *Brutype viss kjent. For alle tunnelar må det gå fram om det er eitt eller to løp.*

*** *Veg på sjøfylling er inkl. i talet for «Veg i dagen».*

Trafikkprognose

Det er ikkje laga trafikkprognose for prosjektet. Viss vi legg oss på ei dobling i høve ferjetrafikken vil vi ha ein ÅDT på ca. 150. Dette er lægre enn trafikkteljinga sør/vest for Hardbakke viser.

Framdriftsplan

Det er lagt til grunn at prosjektet vil ha ei byggetid (anleggsperiode) på tre år og det er lagt opp til slik framdriftsplan:

- 2018 - prosjektering
- 2019-2021 - anbudsutlysning og byggeperiode

Fylkestinget vil ta endeleg stilling til oppstart etter at søknaden om ferjeavløysingsmidlar er behandla i Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Vi torer be om snarleg handsaming.

Med helsing

Tore Eriksen
fylkesrådmann

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

1. Saksprotokoll frå fylkestinget i sak 55/17 Ferjeavløysing - Ytre Steinsund i Solund kommune
2. Reguleringsplan frå Solund kommune m/vedlegg
3. Godkjent kostnadsoverslag fv. 606 Ytre Steinsund bru (u.off ofl. § 15.1)

Mottakar (ar)

Statens vegvesen Region Vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER